



Brit Liv Aase
ÅSE 143
5916 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/1233 - 23/20558

Saksbehandlar:
Hogne Askeland
hogne.askeland@alver.kommune.no

Dato:
14.03.2023

Søknad om utsleppsløyve vert avslutta utan handsaming - gbnr 186/7 Åse nordre

Administrativt vedtak: Saknr. 285/23
Tiltakshavar: Brit Liv Åse
Ansvarleg søkjar: Lindås Rør & Sanitær AS
Type utslepp: Sanitært avløpsvatn med utslepp mindre enn 50 pe
Søknadstype Forureiningslova § 11, jf. forureiningsforskrifta § 12-4

VEDTAK

Med heimel i forskrift om begrensning av forurensing § 12-4, vert søknad om utsleppsløyve for gbnr. 186/7 Åse nordre avvist. Grunngevinga går fram av vurderinga under.

Når søknaden er avvist vert saka avslutta. Ny fullstendig søknad i tråd med regelverket sine krav til dokumentasjon må sendast inn om søknaden skal takast til handsaming.

SAKSUTGREIING

Tiltak

Alver kommune har den 09.02.2022 mottatt søknad utsleppsløyve for eigedom gbnr. 186/7 Åse nordre.

Søknaden vart svart ut med mangelbrev datert 25.02.2022 og purra på med e-post datert 01.12.2022. Alver kommune kan ikkje sjå å ha motteke tilleggsopplysningar i saka.

Følgjande manglar vart etterspurd:

Kart

Søknad skal vise plassering av avlaupsanlegg og utsleppstad på kart i målestokk 1:5000 eller større, jf. forureiningsforskriften § 12-4 fyrste ledd nr. 1 bokstav d. Anleggets avstand til grense og bygningar skal påførast kartet.

Om anlegg ikkje vert plassert på eigen grunn må det liggje føre samtykke frå eventuell grunneigar. Avtalar om plassering av anlegg og leidningar på privat eigedom og rett til bruk av privat avlaupsleidning skal tinglyst på eigedomane.

Skildring av utsleppsstaden

Det er opplyst i søknaden at utsleppet vert ført til jordområde. Dette er ei løysing som kommunen ikkje kan godkjenne. Utsleppet skal førast i tett leidning fram til landbruksgrøft med heilårsvassføring eller til bekk. Dette må visast på situasjonsplanen.

Interesser tiltaket kan få følgjer for

Søknaden skal opplyse om interesser som etableringa av tiltaket kan få følgjer for, inkludert interesser knytt til drikkevassforsyning, fritid eller næringsverksemd, jf. forurensningsforskriftens § 12-4 fyrste ledd nr. 1 bokstav g.

Langavatnet og Litlavatnet er registrert som drikkevasskjelde for grunneigarar på Åse.

Nabovarsel

Søknad skal innehalde opplysningar om kven som er varsla. Kopi av varselet skal verte sendt kommunen samtidig som andre vert varsla. Kvittering for at varselet er sendt skal leggjast ved søknaden, jf. forurensningsforskriftens § 12-4.

Dokumentasjon av rensegrad

Dokumentasjon av at reinsetiltak og rensegrad for reinseanlegg er eigna skal verte laga av nøytrale fagkyndige innan vatn og avlaup, jf. forurensningsforskriftens § 12-10. Søknaden inneheld ingen opplysningar om kva type anlegg som er valt. Søknaden må supplerast med opplysningar om type anlegg og storleik.

Serviceavtale

Det skal til ei kvar tid liggje føre serviceavtale med godkjent føretak, signert serviceavtale må leggjast ved søknaden.

Godkjenning etter andre lovverk

Før arbeidet med etablering av anlegget kan setjast i verk må det søkjast om løyve til tiltak etter plan- og bygningslova. Både søknadsprosess og utføring må takast i vare av eit kvalifisert føretak som kan godkjennast som ansvarshavande innafor ansvarsområdet ansvarleg søkjer, ansvarleg prosjekterande og ansvarleg utførande

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Enkeltvedtak treft i medhald av forureiningsforskrifta kapittel 12 kan klagast på til kommunestyret eller særskilt klagenemnd, jf. forureiningslova § 85 2.ledd og forureiningsforskrifta § 12-15. For enkeltvedtak treft av kommunestyret er Statsforvaltaren klageinstans.

Enkeltvedtak treft i medhald av forureiningsforskrifta kapittel 13 kan klagast på til Statsforvaltaren, jf. forureiningslova § 85 2.ledd og forureiningsforskrifta § 41-5.

Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det

kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høvet til å klaga på vedtaket vera nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 22/1233

Med vennleg helsing
Alver kommune

Eirik Berntsen
Avdelingsleiar

Hogne Askeland
Konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Brit Liv Aase
Lindås Rør & Sanitær AS

ÅSE 143 5916
Burkhovdane 1 5914

ISDALSTØ
ISDALSTØ